

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rödöy

Emne: Bordskikk til Kvardags.

Bygdelag: Storselsöy

Oppskr. av: T.K.Heen,

Gard: Storselsöy

(adresse): Nordværnes

G.nr. 2. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1). Det første eg kan minnes var det ikkje tale om å eta i kjøkkenet. Kjøkkena var småe på gardane her i kring, og huslydane var store. På dei fleste gardane; mann, kone og 6- 8 ungar, ei eller to tenestegjenter og ein dreng. Dertil ofte besteforeldre eller ein legdekall.- Difor var det stua som i alle høve vart nytta til måltida.-

Stuebordet-matbordet- var eit stort bord med 4 fötter. På begge sidene av bordet var det klaffar som med gong-jarn var hengla fast til bordet, og som kunde "slåast" opp og slåast ned som ein vilde.- Til vanleg stod den klaffen oppe som vende mot veggen. Den andre klaffen vart "slyen" opp ~~eggslyen~~ til kvart måltid, og slyen ned når det var over.- (Her i öyane har vi fire verb som vert böygde slik: Slå - fort. partis. slye., Draga - Drye, Ligga - lye, Stå - Stye ) Attmed dette stuebordet satt huslyden. Alle hadde sine bestemte plassar under måltidet.

2). Heile huslyden satt attmed same bordet, og åt av same maten. Det er vanleg skikk enno.

3). Dei siste åra (Frå omlag 1920) er det vorte meir vanleg at huslyden et i kjøkkenet.

4). Sjø 2.

5). No trur eg det er vorten vanleg skikk å eta i kjøkkenet.

6). Huslyden et i stua helgedagane og högtidsdagane, og alle sit attmed same bordet og et av same maten.

7). Faste plassar attmed bordet. Husbonden satt övst på indersida av bordet, Frå han og nedover satt så kona og gjent-ungane. Tenestegjentene satt som ofttest nedst ved bordet.- På andre sida - mot bonden - satt drengen. Var det vaksne sønner på garden, satt dei övst - etter alder. I slike høve satt drengen mellom dei vaksne sønnene og guttungane.

8). Det har nok i gamal tid vore skikk at borna måtte stå attmed matbordet. Men i mi tid har ikkje den skikken vore i bruk på Storselsöy.- I 1918 såg eg likevel den skikken bruka i Svinvær - ein av dei gardane som ligg lengst nord i Rödöy. Første gongen eg såg det at barnet måtte stå attmed bordet, trudde eg det var berre eit tilfelle. Men då eg budde på garden ei tid, fekk eg sjå at det var vanleg skikk. Guten som måtte stå medan han åt, var 11 - 12 år gamal.

9). Nei, plassen har ikkje anna namn enn: "om plassen hans far." "No må du flött de, förr no kjem hain far å vill ha plassen sin".-



det er

2

10). I ei moderne stue trur eg ikkje nokon hedersplass. I den stua er visst alle plassar like.-

11). Ja, eg trur nok at i allefall ungane måtte vaske hendene før dei gjekk til bords. Det såg mora etter. Det var ikkje nokon regel at hendene skulde vaskast før ein åt. Men var ein komen av "sjenen", hadde "gjort til fisk" eller hadde vore ute på anna arbeid, var det sjølvsagt at hendene måtte vaskast før ein sette seg til bords og fekk seg mat.-

Ein åt aldri med huva på, Det same antan ein åt i hus eller ute på marka. Dei gamle tok av seg huva sjølv om dei åt i båten på sjenen, dersom ikkje varet var altfor stygt.

12). Det hende ikkje at fleire åt av same fatet. Grauten vart aust opp på djupe tallerkenar og til kvar grauttallerken var laga til ein komme mjölk. Til vanleg også 2. mugger mjölk på bordet, så ein kunde fylle kommane om det var nokon som trengde meir enn det som var i dei.

Det var vist så ymse. Nokre tok passeleg graut i skeia, stakk så skeia i mjölkekommen, så både mjölk og graut kom inn i munnen på eittid. Andre tok berre inn grauten, og så ei skei mjölk attpå - eller dei drakk ein munn mjölk av kommen.

13). Har aldri sett og aldri høyrd tale om at gryta med maten i vart sett på middagsbordet. Var familien stor t.d. 10 - 12 menneske, og det var kjøttsuppe til middag, var 10 eller 12 djuptallerkenar fylte med suppe og stod på sine plassar på bordet, når middagen tok til. Utanom tallerkenane var også to store fat fylte med suppe og sett på bordet - eitt oppe og eitt nede. - I fata var det ei lita ause. Var det nokon som fekk forlite med ein tallerken, kunde han fylle på tallerkenen sin frå eit av fatet. - Med denne ordninga kunde kvinnfolka få sitte i ro attmed bordet under middagen - dei og. Var det framande tilstades som skulde ha mat, vart dei sett ved eit bord for seg sjølve, og vart oppvarta særskildt. Til ein framand vart det lagt duk på bordet, og serveringa var meir omstendeleig enn til husets folk. Til kvardags vart det ikkje lagt duk på bordet når huslyden fekk seg mat.

14). Trur ikkje det vart laga til bette åt vaksne - iallefall etter 1850. Men det vart ofte gjort til ungar. Var det ferskfisk til middag, kunde ein 3- 4 års unge söla nokså mykje attmed bordet. I slike høve tok mora ofte to "fjernstykke" flatbröd (Ein  $\frac{1}{2}$  leiv) av brödfatet. Det eine stykket la ho på tallerkenen sin, og så la ho opp på det eit høveleg stykke fiskestykke som ho jamna utover med bordkniven. (Jongen - Bordjongen) Opp på fisken la ho liver og potet og jamna dette utover. No vart det andre flatbrödstykket lagt opp på som eit slags lokk-klemt godt nedåt - og "betten" var ferdig.-

15). Ja.

16). Nei.

17). Nei, det hugsar eg ikkje.

18). Nei, det har eg ikkje høyrd tale om. Ved bordet brukte folk vanlege bordknivar - som her vert kalla bordjongar.

19). Husbonden og husmora hadde vel i dei fleste heimane kvar si skei - som andre ikkje brukte. Men dei andre i huslyden brukte både knivar, skeier og gaflar om ein annan. - Skeier, kongar og gaflar vart göymde i to lang-aktige kasser med rygg på den eine langsida. I ryggen var det ei beholder som hadde hange på ein spikar. hol så ein kunde henge kassane på spikrar. Plasen deira var på kjökkenveggen. Dei vart kalla for "knivskoffa" og



skeiskoffa avdi knivane og gaflane låg i ei og skeiene i den andre.- Der huslydane var mindre, var knivskoffa delt i to rom, så skeiene kunde ligge i det eine rommet og knivane og gaflane i den andre.

Når dei hadde råd til det, brukte husbonden og husmora skeier av sylv. Elles var det i bruk fortinna jarnskeier og tinnskeier. Det første eg kan minnes, såg eg ei og anna hornskeia,- men eg trur ikkje dei var i bruk til matskeier.- Treskeier har eg ikkje sett for no under siste krigen. - Etter kvart mål vart alt som hadde vore i bruk under måltidet, vaska. (Fat, tallerkenar, knivar, skeier og gaflar)

20). Eg kan ikkje minnes tallerkenar av noko anna enn steinty. (Född 1884)

21). Det første eg kan minnast vart det om kvardagane ikkje bruka bordduk. No ligg det til vanleg ein voksuk på bordet, som ein berre "törkæ" av etter måltidet.

22). Sjå 21.

23). Alle kunde forsyne seg som dei vilde, og nokon "rekkefølge" var det ikkje.

24). Sjå 23.

25). Ja, det var vanleg meining at eit kvinnfolk ikkje trengde så mykje mat som eit mannfolk.

26). Til vanleg tar borna til å hjelpa seg sjølve ved bordet når dei er 3- 4 år.- Dei vert hjelpt av den det høver best for, men det er mora som har ansvaret for at borna får nok mat.

27). Nei, men eg har sett det ein gong. Truleg har det vore bruka för i tida.

28). Det har vore ~~8~~ og er vel skikk <sup>i</sup> - dei ~~hæ~~ heimane der det er orden - at eit av borna les høgt före og etter maten. Helst det yngste, når ~~dei~~ er sopass stort at det kan lese skikkeleg. I dei hus der det berre er vaksne, lesar kvar einskild bordböna stilt for seg sjölv. Ein gjer ikkje skildnad om det kjem framande.

29). Ja, alle fekk snakke som dei vilde, når dei förde sömeleg tale.

30). Nei.

31). Det gjekk ikkje an å syngja attmed bordet.

32). Ja, dersom ein ikkje hadde eit arbeid det hasta svært med.

33). Ja, ein seier takk for maten i det same ein røyser seg frå bordet. I einskilde heimar var det skikk at husfaren og borna tok husmora i handa og takka for maten - men ikkje tenarane. Og framande brukte å handtakke for maten.

34). Velsigne maten. Eller nyare: Velbekomme.

35). Nei.

36). Det kjem ant på kor lang veg han har fare. Er vegen lang, får han som oftast mat og kaffe.

37). Nei.

38). Sjå 36.

39). Etter som det høver. Det kan ofte hende at husfaren vert sett attmed bordet saman med gjesten.

40). Nei, men det er mange som seier: "De skulde ikkje gjera Dykk noko bry for mi skyld."

41). Det er ikkje nokon regel for det.

Nordvænes, den 2. april 1951.



T. K. Heen

6151



